

Årsmelding 2022

Samnanger jeger og fiskerlag



Årsmøte 2022

Samnanger jeger og fiskerlag held årsmøte 12/3-2023 kl 19.00 på Biblioteket.

Saksliste: 1. Årsmelding

 2. Rekneskap

 3. Budsjett

 4. Nye Vedtekter

 5. Forskutting av Flomanalyse v/Laksetrapp Jarland

 6. Valg

Vel Møtt!!

Årsmelding frå styret

1. Laget

Laget har no 156 medlemmer. Trenden frå i fjar fortsetter med ein nedgang i medlemstallet. Me har tidligare lagt på rundt 200 medlemmer. Denne trenden starta under Korona pandemien, og me har ikkje klart å snu den enno. Laget har mykje gode aktiviteta, spesielt til barn, unge og damer. Håpa me klara å snu i år, og at medlemstallet vil auka igjen.

2. Styret

Det har også i år kun vert 2 styremøter. Dette er nok litt for lite, men noko av grunnen er at leiar har jobba vekke heile 2022. Når det er sagt har styret likevel ein god dialog. Njff sentralt har i frå i år satt medlemskontigenten i 3 katogorier. Lav, Middels og høg. Der vart styret enig om å legga oss på middels.

Saker som har vert oppe i år:

- Faste styre saker.
- Fastsetting av Årskontigent
- Laksetrapp Jarlandsfossen
-

3. Aktiviteter

På våren 2022 vart da annonsert jegerprøvekurs, men pga for få påmeldte vart dette kurset avlyst.

På skytebanen har det også i år vert åpent for trening på dei vanlege treningsdagane (Onsdag og Lørdag). På treningskveldane har det vert god plass, og me har stortsett vert kun 3-4 skyttara.

Det vart arrangert 4 stk 100 skudd jeger/Nordisk trap stevner, og eit 50 skudd Leruesti stevne som også var Landsdelsmeisterskap.

1 Mai 100 skudd NT/JT var første stevne der Steinar Gjerde vart beste Samning med 93 og 6 plass . 35 deltakara.

21 mai var det landsdelmeisterskap i Leiruesti, der Jan Egil Rosvoll vart beste frå Samnanger med 43 treff. 42 Deltakara.

26 Mai var neste 100 skudd NT/JT stevne med 22 deltakarar. Bjarte best med 96, Steinar 95, Sander og Roy Helge 92.

6 Juni 100 skudd NT/JT der Bjarte var best med 98 og Steinar med 91. 22 deltagarar.

27 August var siste 100 skudd NT/JT på banen vår med 21 deltagarar, og veldig god skyting. Steinar var best med 98. Bjarte 98 og Sander 95.

Eg har kun tatt med dei beste resultata av våre skyttara. Me har hatt 6-8 deltagarar frå vår klubb på stevna våre. Me har nokre nye skyttara som er ivrige, og me ser at dei heve seg på kvart stevne. Kjekt å sjå.

I Hordaland har me og ein cup som gir ein ekstra spenning i Jegertrapen. Dei 5 beste stevna er tellande, og da blir kåra vinnar i alle klassa.

Samnanger tok Klasse A-Bjarte, Klasse B- Steinar og Klasse C-Sander.

I 2022 vart NM Jegertrap og Leirduesti arrangert i Opdal. Samnanger stilte med 4 deltagarar. Bjarte, Steinar, Sander og Øystein Kversøy Nordvik. Dette var Øystein sitt første NM.

Jegertrap: 19 pl. Bjarte 91, 84 pl Sander 65, 139 pl Steinar 43 og 246 pl Øystein 39. Det var 384 deltagarar.

Leirduesti: 63 pl Bjarte 43, 111 pl Sander 40, 197 pl Steinar 35 og 300 pl Øystein 26. Her var det 345 deltagarar.

Alle resultat kan ein finna på www.leirdue.net.

Eg må og trekka fram ein skyttar som har utmerka seg med stor framgang i 2022, og det er Sander Bergesen. Han har virkelig fått dreis på skytinga, og toppa da med å vinna C klassen i NM Nordisk Trap. Han har ein flott teknikk, og me kjem til å sjå mykje av han høgt på resultatlistene framøve.

2022 har vi mangla leiar i Jakt og Leirduenemda, og eg har derfor hatt ei litt utvida årsmelding med skyting.

På leirduebana er det alltid noko som bør gjørast, og me må passa på å holda tritt med vedlikehold og div andre nødvendige gjøremål.

Ungdomsnemda er aktive, og har mange flotte aktiviteta for unge. Dette kan me sjå i årsmeldinga til ungdomsnemda. Dei gjer ein god jobb. Jentegruppa er og aktive. Dei har og masse flotte aktiviteta for dame. Dette kjem og fram i årsmeldinga til Vibeke.

Sportskyttarlaget som er ei undergruppe i laget vårt, har eit godt samarbeid med Jakt og leirduenemda. Saman drifta dei banen vår med både treningar og stevner.

Fiskenemda har mykje å arbeida med. Dei styrer fiske i tysseelva, oppfiske av oppdrettsfisk, drift av laksetrappa i Tyssefossen og planlegging av ny laksetrapp i Jarlandsfossen. +++.

Dette viser at nemdene våre er veldig aktive, og at utvalgsmedlemmene gjør ein strålende innsats.

Også i 2022 kan me sjå at Harald Silseth gjør ein formidabel jobb når da gjelde predatorjakt. Han tar eit titalls mår, og eit titalls rev i sesongen. Godt jobba.

For Styret
Bjarte Linga

ÅRSMELDING

SAMNANGER SPORTSKYTTERLAG

2022

Laget hadde i 2022 13 betalende medlemmer, det er ein nedgang i medlemsmassen, lite aktivitet i 2021 grunna pandemi har nok skulda for det. Det viser og på oppmøte på stevna.

Samnanger arrangerte 4 stevner i 2022. Dette var kombinerte stevner med jegertrap og Nordisk. Best besøkte stevne var 1. mai. Det var mange gode resultat oppnådd på våre stevner, frå 95 til 98 som beste resultat, siste stevne var det 2 som skaut 98/100

Me i klubben skyt mest på gammal vane, så med litt meir trening på bana kunne resultata i teorien våre litt betre, men det er som oftest ei Samning i toppen på stevna her i Fylket.

Det var 2 skyttere som reiste til Rena på NM i Nordisk trap.
Bjarte skaut 118/125 og Sander Skaut 116/125
Vinnaren skaut 121, så dei var ikke så langt bak. 16 og 35 plass av 199 deltakere.

Leiar

Steinar Gjerde

Småviltjakta

Eg meiner å hugsa at det var ein brukbar haust værmessig. Har fått tilbakemelding på at det var bra med fugl i fjedle utøve sesongen.

Kun 6 kjøpte sesongkort denne sesongen, noko som er det minste eg har seld i mi «korta» tid som kortseljar. Alle har levert fangstrappo og fangsten blei 94 fjellryper, 17 liryper og 2 ravner.

Dagskort Jarland solgt 29 kort der har 18 levert fangstrappo og der blei fangsten 9 fjellryper og 3 harer.

Dagskort Frøland solgt 18 og 13 levert fangstrappo fangsten der blei 7 fjellryper og 1 liarypa.

Fangst totalt 110 fjellryper, 18 liryper og 3 harepus.

Kortseljar

Årsmelding ungdomsnemda 2022

2022 var eit år med ganske mykje aktivitet i forhold til foregående år. Kom litt seint igong pga mykje snø på veien opp til bana.

Hagleskyting hadde me 4 gonger med mange ungdommer. Dette er ein aktivitet som er populær. Mange ungdommer kvar gong, og mange begynner å bli skikkelig flinke.

Nytt av året er jaktfeltskyting med salongrifle. Var berre 4 som stilte den dagen, men dei som var der storkoste seg.

Som vanlig har me hatt 2 dager i elva med ungdommane. Varierande oppmøte og fangst men litt fisk vart det i år og.




Vidare så har me deltatt på fiskekongurranse og fiskesommer.

2 av oss var til Brumunddal på Barne og ungdomskonferanse. Dette er ei helg som er virkelig lærerik. Fisking av Mjøsørrett var aktiviteten der.

2 av oss var og på ungdomsledersamling på Bømlo. Dette er eit samarbeid mellom Njff Rogaland og Hordaland. Prøvde oss litt på sjøfugljakt.

Foredrag med Høgfoss og Fallan jaktfilm på Lørdagen. Der hadde me invitert medlemmane i Bømlo jff til å være med.

Eg tok med 2 av ungdommane i Samnanger til Bømlo på sjøfugljakt i Oktober. Ein opplevelse for begge. Ein av dei fekk skote sitt første vilt.



ÅRSMELDING FOR JENTEGRUPPEN 2022

Antall kvinnelige medlemmer pr 31/12-22 var 37 stk.

Årets aktiviteter var stort sett det samme som i 2021.

Aktivitetene ble kunngjort på hjemmesiden til Sjfl, fb-gruppen til Sjfl, og fb-gruppen til jentegruppen. Vi har hatt 2 planleggingsmøter i 2022 og kontakt via messenger-gruppe.

Oppslutningen på aktivitetene har vært lav på de aktivitetene som ble gjennomført i 2022. Vi håper selvagt at oppslutningen går opp i 2023.

Av oppsatte aktiviteter kan nevnes:

| | | | | |
|---------------|--------------|------------------|------------|-------------|
| Lerdueskyting | Rifleskyting | Fjelltur | Sjøfiske | Hjortejakt |
| Mårfellekurs | Viltniddag | Ferskvannsfiske | Familiedag | Fiskesommer |
| Skogsfugljakt | Laksefiske | Fiskekonkurranse | Havfiske | |

Lerdueskytingen for damer startet opp allerede i april. Vi har vært en gjeng på 2-6 damer gjennom hele sesongen. Alt i alt lite skyting dette året.


• Havfisketur ble dessverre avlyst pga dobbel booking fra leverandøren.

Fisk- og vinkveld ble arrangert 29/4. En kjempekoselig fisk- og vinkveld for damene på fredag 29/4. Vi var 6 stk som stilte denne gang, og hadde det kjempegøy! Damene ble delt inn i 3 grupper, hvor hver gruppe hadde ansvar for tilberedning av hhv forrett, hovedrett og dessert. Til forrett var det wraps med hhv laks og spekeskinke. Hovedretten var torsk i form med grønnsaker og kremet hvitløksaus toppet med ost. Til dessert var det sjokoladefondant med is og bær. Alle rettene med tilhørende vin. Nam!! En utrolig kjekk kveld med sprudlende og blide damer! Gleder meg allerede til neste gang!



Ferskvannsfiske og sjøfiske. To veldig kjekke ettermiddager med artige opplevelser. Dessverre liten interesse for arrangementene, men vi som deltok koste oss i hvertdall veldig. Sjøfiske foregikk fra båt, med forhåndsutsatte sniksnører. Vi fikk både Skate, Hågjel og Lange. Ferskvannsfiske hadde vi i Rolvsørvatnet hvor vi fisket fra kano. Veldig artig, og fin størrelse på fisken.





Søndag 7.august ble det arrangert Fiskesommer, gratis fiskedag for barn/ungdom ved Eikedalsvatnet. Et veldig godt arrangement med bra fiskevær og fornøyde barn med mye fiskeglede! ☺️ 🎉 Vi var ca 55 stk som stilte, og så og si alle barna fikk fangst 🎉. Det var gratis hotdog, boller og saft til alle. Det ble delt ut premier til alle barna som deltok, og flotte gaver til nye og gamle barn-/ungdomsmedlemmer. En stor takk til Bjarte Linga, Thor-Olav Holmefjord, Tor-arne Yddal og Ørjan Nytveit som hjalp til å gjennomføre arrangementet. ☺️ 🎉 Takk også for innsendte bilder 😊.

Gleder oss allerede til Fiskesommer neste år! 🎉 🙌




Kjempeflott dag på Gullbotn på lørdag med den årlige fiskekonkurransen 🎉 🎉 Takk til den sporty og sprudlende gjengen som stilte opp! Totalt 20stk møtte opp og totalt 29 fisk landet. 🎉 🎉 🎉 Det ble fisket både i Måsatjørna og Langavatnet. Flest fisk ble tatt i Langavatnet, men den største ble tatt i Måsatjørn. Det var utdeling av deltakerpremie til alle barn/ungdom som møtte. Fiskekonkurransen var inndelt i 3 klasser; barn, ungdom og voksen. Premiene besto av fiskesluker, turkopper, sitteunderlag, slukbokser og fiskevesker. 🎉 🎉 Det ble også delt ut premie for minste og største fisk. Vinnerne i år var: Barneklassen: 1. pl Thea. Ungdomsklassen: 1.pl Christine, 2.pl Kevin. Voksenklassen: 1.pl Ørjan, 2.pl Roar, 3.pl Anna. 🎉 🎉 Minste fisk på 19gr. fikk Kevin, og største fisk på 494gr. fikk Roar. Ny fiskekonkurranse til neste år! 🎉 🎉 🎉



Vi hadde også i år Laksefiske for damer. Vi har hatt 4 kjempekoselige ettermiddager og kvelder der damer har fått prøve seg på laksefiske. 🎉 🎉 Det har vært greit oppmøte med 3-6 stk hvert arrangement 😊.

Helgen 19-21/8 arrangerte vi den årlige fjellturen med jentegruppen 🌟. Vi var 5 stk som reiste denne gang. Et fantastisk herlig turfølge. I år hadde to av oss med hund også. En korthåret vorsteh og en jaktlabrador. Gikk over all forventning. Med hund ble vi også sikret plass i sikringshytten på Vending. En koselig liten hytte vi stortrives i. Været var fint meste parten av turen, med unntak av en og annen regnbyge fredag og søndag. Det ble en fantastisk flott og minnerik tur. 🐾 Fredag gikk vi fra Hamlagrøsen til Vending, hvor vi overnattet til søndag. Lørdag fikk vi oss en flott dagstur til Breidablikk og var ganske heldig med været også. Litt vind på toppen 😊 Søndag gikk vi tilbake til Hamlagrøsen. Helgeturen ble avsluttet med jordbær fra Lid i Bergsdalen. 😊 Vi gleder oss allerede til neste års tur. 😊



Vilt- og vinkveld og Hengekøyetur ble avlyst pga manglende påmelding. De avsatte datoene passet dårlig for mange.

Rypejakt ble avlyst grunnet stenging av det planlagte terrenget vi skulle gå i.

Vi fikk tildelt kr.21.091 i kvinneaktivitetsmidler til jentegruppen i 2022. Brukte midler gikk til medlemmer i form av redusert egenandel på diverse arrangement, litt turmat og premier. Det ble i 2022 også investert i utstyr til fiske, skyting, jakt og tur. I tillegg fikk vi midler til fiskesommer kr.8000.

Håper på høy aktivitet i 2023.

Vibeke Bergesen

Leder jentegruppen

Årsmelding fiskenemd 2022

I likhet med dei seinare år, var Tysseelva stengt for ordinært fiske også i 2022. Etter søknad til fylkesmannen, vart det likevel opna for fiske etter rømt oppdrettfisk i elveosen frå 01.08 til 30.09. For dette fisket vart det som vanleg solgt kort gjennom «inatur». Det vart fiska i august og fram til 15 sept. då me stansa fisket fordi det var heller lite oppdrettsfisk å få. På denne tida vart det teke 85 fisk. Av desse var 4 villaks, 3 sjøaure og 78 oppdrettlaks iflg. rapportane. På Safa-sida vart det teke 6 oppdrett og 1 villaks.

Me sökte om nytt løyve for fiske utover hausten og fram til des. mnd. fiska me opp 93 oppdrettsfisk fordelt på 315 dugnadstimar. All fangst vart registrert og sjelprøver vart tatt, og seinare innsendt. For denne innsatsen får laget utbetalt ein rimeleg bra kompensasjon via oppfiskingsprosjektet «Ouro».

I september var Rådgivande Biloger i vassdraget for å utføra telling av ungfish og bunndyr. Til tross for relativt dårlige resultat på tellingane av gytefisk dei siste åra er det merkelig nok bra med ungfish i vassdraget. Sjølv om det varierer litt mellom dei ulike årsklassane og ulike plassar i vassdraget var det alt i alt veldig bra med ungfish. Oppom Jarlandsfossen vart det ikkje funne ungfish.

I vår var Norce i Tysseelva og «pitmerka» 50 stk. smolt før dei skulle vandra ut i sjøen. Hensikten med prosjektet var m.a. å finna ut kor mykje av smolten som gjekk i turbinane til kraftverket ved Safa ved utvandring. Så vidt me har fått kjennskap til var det ein del av smolten som gjekk i kraftverket men ikkje so mykje som ein kunne frykta.

Gytefisktellinga vart gjennomført 22/10. Det vart registrert fisk i Frølandselva , (18) og i Tysseelva (33) og ingen i Storelva. Totalt 51 laks og 14 sjøaure. Dette var litt meir enn dei to åra før men likevel ikkje nok til å oppfylla gytebestandsmålet for vassdraget. Det kan ellers nevnast at det ikkje vart registrert , oppdrettsfisk , oppe i elva under tellinga.

I kontrollkulpen ved trappa vart det registrert 35 fisk. Av desse var det 10 villaks, 25 sjøaure og 0 oppdrett. I oppgangsperioden var det relativt gunstig vassføring i elva. Me trur derfor at laksen i større grad nytta det naturlige elveløpet i fjar. Me er likevel ikkje i tvil om at trappa ikkje fungerer optimalt slik den no er og ser fram til den planlagte utbetreringa. I følge BKK har dei planar om dette men enn so lenge har lite skjedd.

Me har lenge purra på BKK/Eviny om ei avtale med kompensasjon for tilsyn og kontroll av trappa. Me har no endeleg fått på plass ei slik avtale på kr. 15.000,- pr. år pluss utgifter til utstyr osv. Me får også etterbetaadt for 2021.

Prosjekteringsarbeidet for utbetring av trappa i Jarlandsfossen er ferdig. NORCE har utarbeida teikningar og planar for prosjektet. Me har innhenta avtaler med grunneigarar og har vore i møte med kommunen om vidare framdrift. Me har og gjort avtale med H2O i Hardanger som skal bistå oss framover. NVE forlangar ei kartlegging av hydrolog før vidare framdrift (sjå eigen sak). Me er godt i gang men det er enno mykje som skal på plass før utbetringa er eit faktum. Per Ove er vår gode mann på dette prosjektet.

Me er så heldige å ha ein ordførar i bygda som svært engasjert i laksens vilkår i Tyssevassdraget. Han har teke initiativ til å få i stand eit fagråd for dette. Hensikten med fagrådet er «å snu alle steinar» for å få laksen tilbake i vassdraget på eit nivå som gjer at det også kan opnast for fiske igjen. Fagrådet skal bestå av folk frå Statsforvaltaren, frå Regulant (Eviny), frå Norce/Rådgiv. Biologer, frå kommunen og frå Jeger & Fisk ++. Fagrådet har hatt eit møte og neste møte skal være 21 april. Me i fiskanemda trur dette kan være ei god hjelpe for oss for å fortgang i ulike prosjekt som har stoppa litt opp slik som rognplanting, utbedring av laksetrapp på Tysse m.m.

Forskjellige andre aktivitetar:

I juni var me involvert i Vibeke sitt fiskekonkurransearrangement som denne gangen var lagt til Gullbotn. Her var det vel brukbart oppmøte sjølv om ein del «gamle heltar» glimra med sitt travær. Vel å merka seg, største fisk på 600 gr. tatt i Mosatjørna. I juli var me delaktige i «Vibeke sitt familiefiskearrangement» i Eikedalen. Her var det svært bra deltaking av fiskeglade folk i alle aldrar, og veldig mange fekk fisk.

Som vanleg var det planlagt to dagar med ungdomsfiske i elva. Dette er eit samarbeid mellom fiske- og ungdomsnemda. Ved den første i august møtte det berre to born. Ved den andre i sept. var det svært bra oppmøte av born og

ungdom som fekk ei triveleg stund ved elva. No kom det også fisk på land (2 små oppdrettsfisk), og 40 pølser gjekk med!

Ein del dognadsarbeid vart utført m.a. ved trappa, fangstkulpen og fiskeplassen ved Steinkaien. BKK (Eviny) fekk gjort nokre mindre utbetringar og litt vedlikeholdsarbeid med trappa. Bua på steinkaien fekk eit løft med nytt tak av torv. Det vart også laga til ein ny «standplass» for fiske som fekk mykje skryt.

Heller ikkje dette året fekk me til eit skikkeleg organisert opplegg med kultiveringsprosjektet i Holmavatnet. Planane var der men blei ikkje gjennomført. Veit enkelte har vore oppe på meir «privat» initiativ men har ikkje fått rapportar om uttak med garnfiske e.l.

Vil ellers nevne at vi hadde to deltakarar på fagseminar om laks på Flesland i desember.

Me ser for oss at det blir rikelig anledning til å bidra på mange spennande fiskeprosjekt også dette året , Holmavatnet , Tysseelva og trapp i Jarlandsfossen blir nok fortsatt viktige, i tillegg til dei meir eller mindre faste arrangementa me har planar om.

Skitt fiske ! For fiskenemda: Thor-Olav Holmefjord